



SAKSPAPIR

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|---------|-----------------|------|------------|
| 13/2017 | Kontrollutvalet | PS | 15.03.2017 |

| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
|---------------|----------|------------|
| Sølvi Legård | FE - 033 | 17/416 |

DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR

- Kort orientering / løypemelding frå rådmannen om framdrift, vurderinger og status i sak 32/16 pr. dd. (32/16 - ORIENTERING FRÅ RÅDMANNEN OM SAKSHANDSAMING AV SAK «STAMNES SENTRUM VIDAREUTVIKLING»)
- Orientering fra rådmannen om status for implementering av Vigilo i barnehagene i kommunen i forhold til vedtaket i kommunestyret i februar 2017
- Orientering fra (konst.) rådmann om status for sjukemeldinga til rådmannen

Kontrollutvalet - Sak 13/2017

KONT - Behandling:

1. Kort orientering / løypemelding frå rådmannen om framdrift i sak 32/16 pr. dd. (32/16 - ORIENTERING FRÅ RÅDMANNEN OM SAKSHANDSAMING AV SAK «STAMNES SENTRUM VIDAREUTVIKLING»).

Som bakgrunn i denne saka vises det til tidlegare protokollar som omtaler denne saka.

Med omsyn til kjøp av gardsnummer 45, bruk 6, blei det i kommunestyret fatta eit vedtak om at dette skal skje på bakgrunn av uhilda takst (ihht til rådmannen sin innstilling). Administrasjonen fekk i oppgåve å lage ein samarbeidsavtale med arbeidsgruppa for Stamnes sentrum.

Rådmannen informerte om at det ikkje har skjedd så mykje sidan orienteringa i KU-møtet 23. februar d.å. Det har vore litt kontakt med grunneiar der dei har snakka om taksta. Samarbeidsavtala med arbeidsgruppa er ikkje vorte utarbeida. Når denne er utarbeida skal den sendes til formannskapet. Leiar for KU ba i møte 23. februar om at avtalen også oversendes kontrollutvalet før den sendes til behandling i formannskapet.

2. Kontrollutvalet ønska å få orientering frå rådmannen om status for implementering av Vigilo i barnehagane i kommunen i forhold til vedtaket i kommunestyret i februar 2017.

Rådmannen sa at Vigilo er eit kommunikasjonsverktøy til bruk i barnehagane. Med dette verktøyet kan ein til dømes registrere barna inn og ut av barnehagane, med meir. Nokon foreldre

har uttrykt at dei ikkje er trygge på bruken av Vigilo. Einingsleiare jobbar med å informere dei som treng meir informasjon. Prosessen med å implementere Vigilo fortsetter når dette arbeidet er ferdig.

3. *Møtet blei lukka jf. Kommunelova §31-3.*

Orientering frå (konst.) rådmann om status for sjukemeldinga til rådmannen.

Kommunestyret v/ordfører har arbeidsgiveransvar for rådmannen. Møter er blitt avholdt med rådmannen. At rådmannen er sjuk har gått noe utover kapasiteten. Noen av oppgavene til konstituert rådmann er fordelt til andre.

Møtet blei opna igjen.

Orienteringane frå rådmannen blei teken til orientering av kontrollutvalet.

4. Deloitte ga informasjon/»løypemelding» om arbeidet med forvaltningsrevisjonen «Kvalitet i pleie- og omsorgstenestene». Deloitte kan melde:

- I arbeidet med revisjonen får Deloitte rask respons på henvendelser til kommunen
- Deloitte har fått hjelp av kommunen til distribusjon av spørjeundersøkinga. Svarene er sendt direkte til Deloitte.
- Svarresponsen frå brukare/tjenestemottakare er bra
- Elektronisk spørjeundersøking overfor dei ansatte har gått trådt med lavere respons enn ønska. Deloitte har jobba med å få svarandelen opp, men dette har vært vanskelig å få til.
- Det gjenstår å gjennomføre fleire intervjuer
- Revisjonen blir ikkje ferdigstilt til neste møte i KU 9. mai 2017. I prosjektplanen står det at Deloitte leverer revisjonen innan 19. mai 2017.

Kontrollutvalet takka for orienteringa frå Deloitte.

KONT - Vedtak:

Saka vert tatt til orientering.